



Jobbnorge-ID: 242106
Søknadsfrist: 15.08.2023
Nettside: <http://hivolda.no>
Omfang: Heiltid
Varighet: Åremål

Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag

Om stillinga

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Aktuelle forskingsområde for stipendiatstillingane er:

- arbeid med familiar og nettverk
- rus
- psykisk helsevern
- fleirkulturelt arbeid
- tverrprofesjonelt / tverretatleg samarbeid med relevans for sosialt arbeid
- juridiske problemstillingar med relevans for sosialt arbeid
- habilitering og rehabilitering
- folkehelse
- oppfølging av personar med kronisk sjukdom
- sosialt arbeid i skule

Stipendiatstillingane er utdanningsstillingar som først og fremst skal gi lovande forskarar høve til fagleg utvikling. Stillingane har forskarutdanning fram til doktorgrad som mål. Stipendiatstillingane er viktige rekrutteringsstillingar til vitenskaplege stillingar ved universitet og høgskular.

Stipendiatane vert tilsette for ein periode på tre år med rein forskarutdanning, eller fire år med forskarutdanning og 25 prosent arbeidsplikt. Arbeidsplikta kan bestå av undervisning, rettleiing og liknande. Arbeidet vil vere relevant for doktorgradsarbeidet. Tidpunkt for tilsetjing blir avklara i tilsetjingsprosessen.

Arbeidsstad er ved Høgskulen i Volda. Som tilsett ved høgskulen får stipendiatar tenlege kontor og utstyr, og får tildelt årlege driftsmidlar etter gjeldande satsar.

Eit vilkår for å starte i stillinga er opptak i doktorgradsprogrammet i helse og sosialfag ved Høgskulen i Volda / Høgskulen i Molde. Dokumentasjonen på opptak i doktorgradsprogrammet må ligge føre innan seks månader etter at ein har fått tilbod om stipendiatstilling. Ein vil då inngå endeleg avtale om å starte i stillinga. Vilkår for opptak til doktorgradsprogrammet går fram i Utfyllende retningslinjer for ph.d.-studium i helse- og sosialfag som du finn [her](#).

Om ph.d.- programmet i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving; vilkår og utvikling

Høgskulen i Volda og Høgskulen i Molde tilbyr i fellesskap doktorgradsutdanninga Helse- og sosialfag: Profesjonsutøving - vilkår og utvikling. Programmet er tverrprofesjonelt og tverrfagleg. Utdanninga rettar seg mot alle profesjonar i helse- og sosialsektoren, og inkluderer bidrag frå fleire vitkapsdisiplinar. Programmet har eit breitt fagleg fellesskap av kandidatar og rettleiarar. Doktorgradprosjekta i utdanninga nyttar både kvantitative og kvalitative metodar og 'mixed methods'. Doktorgradsprogrammet er eit tilbod til kandidatar som har relevant fagbakgrunn og master / hovudfag. Les meir om ph.d.-programmet [her](#).

Om instituttet

Institutt for sosialfag er eit institutt ved Avdeling for samfunnsfag og historie. Institutt for sosialfag har 23 tilsette i faste vitkapslege stillingar og per i dag 12 stipendiatar. Ved instituttet er det i alt omlag 500 studentar. Instituttet har ansvar for to bachelorprogram i sosialt arbeid: barnevernspedagog og sosionom, med meir enn 300 studentar fordelte på tre studieår.

Instituttet tilbyr mastergradutdanning i helse- og sosialfag, med vel 100 studentar. Eitt av dei obligatoriske emna i mastergraden, 'Meistring og myndiggjering, samhandlingsperspektivet, og tre av dei valfrie emna i mastergraden - 'Rus som kulturelt og sosialt fenomen', 'Leiing i helse- og sosialtenestene' og 'Politikk, folkehelse og livsløp'- vert tilbydde også som vidareutdanningar. Alle emna i masterprogrammet og vidareutdanningstilboda er samlingsbaserte.

Instituttet har søkt om akkreditering av masterutdanning i barnevernsarbeid, med planlagt oppstart hausten 2023.

Om avdelinga

Avdeling for samfunnsfag og historie har undervisningsansvar for omlag 1350 studentar, fordelte på tre institutt: Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), Institutt for sosialfag (ISF) og Historisk institutt (HI).

Kvalifikasjonar

Søklarar må ha fullført mastergradutdanning eller tilsvarande innanfor sosialfag, helsefag, samfunnsvitkapslege fag, rettsvitenskap eller i andre relevante fag, og normalt med karakteren B eller betre på masteroppgåva. Dersom du har tilsvarande utdanning til mastergrad, eller utdanning frå utlandet, må du legge ved godkjenning frå NOKUT.

Vitskaplege kvalifikasjonar utover mastergrad, som er relevante for fagområda til stillinga, vil også bli vektlagde. Det same gjeld relevant arbeidserfaring frå undervisning.

Ved vurdering av søkjarane vil det bli lagt stor vekt på prosjektideen og prosjektskissa som ligg ved søknaden. Prosjektskissa skal vere på 5-8 sider. Det skal kome fram kva du ønskjer å forske på, kvifor dette er relevant og i samsvar med utlysinga, og kva som er forskingsstatus på feltet. Skissa skal gjere greie for dei teoretiske og metodiske utgangspunkta for prosjektet og for kva empiri/datagrunnlag ein tek sikte på å bruke.

Det vil bli gjennomført intervju og referansesjekk av aktuelle kandidatar for å vurdere personlege føresetnader for å gjennomføre forskarutdanninga. Motivasjon og potensial for forskning innanfor fagfeltet er viktige føresetnader. Du må ha stor arbeidskapasitet, vere strukturert og ha forståing for at eit doktorgradsløp er ein krevjande læringsprosess. Du må kunne arbeide sjølvstendig, vere nytenkande og kreativ.

Du må ha gode norsk- og engelskkunnskapar, både skriftleg og munnleg. Undervisnings- og administrasjonsspråket ved høgskulen er norsk.

Vi tilbyr

HVO tilbyr varierte arbeidsoppgåver i ei spanande og viktig verksemd.

Avdelinga for samfunnsfag og historie har eit inkluderande og godt fagleg arbeidsfellesskap, der det er høve til fagleg og personleg utvikling. Høgskulen i Volda har gode vilkår for forskning, og det finst fleire aktive forskargrupper på ulike fagfelt.

Pensjonsordningane ved høgskulen er gode. Stipendiatstillinga er løna i statens lønsregulativ, og ved HVO er stipendiatar si startløn kr. 501 200,-. Det er lagt opp til ei jamn lønsutvikling i perioden.

Generell informasjon

Ved HVO er vi opptatt av mangfald. Medarbeidarar med ulik livserfaring vil gjere oss i stand til å finne gode løysingar på arbeidet vårt. Vi oppmodar difor alle til å søke stillinga utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Du er også velkommen til å søke sjølv om du ikkje kan vise til ei samanhengande yrkeskarriere. Lokala er universelt utforma, og vi legg tilhøva til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Dersom du har nedsett funksjonsevne, innvandrarbakgrunn eller hol i CV kan du bli positivt særbehandla om du kryssar av for dette når du søker stillinga. Vi vil invitere minst éin kvalifisert søker i kvar av desse gruppene til intervju. For å bli positivt særbehandla på denne måten, må du oppfylle visse krav. Les meir om dette på [arbeidsgiverportalen](#).

Tilsetjing skjer på dei vilkåra som følgjer av lov om offentlege tenestemenn, regulativ, reglement og instruksar som til ei kvar tid gjeld for stillinga, mellom anna lovfesta innskot i Statens pensjonskasse.

Aktuelle kandidatar vert innkalla til intervju. Søkjarar som vert kalla inn til intervju, må ta med originalar av vitnemål og attestar for å dokumentere dei elektronisk innsende vedlegga.

Om søknaden

Alle som søker stillinga må søke digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attestar. Vi gjer merksam på at søknaden blir vurdert ut frå informasjon som ligg føre ved utløp av søknadsfristen. Det er viktig at du viser korleis din kompetanse fyller kriteria for stillinga

Offentleg søkarliste blir utarbeidd etter at søknadsfristen er ute. Dersom du ønsker å reservere deg frå oppføring på offentlig søkarliste, må dette grunngjevast i Jobbnorge. Du vil bli varsla om reservasjon ikkje blir tatt til følge.

Følgjande dokument/filer skal leggjast ved den elektroniske søknaden:

- vitnemål og attestar
- CV
- masteroppgåve
- eventuelle andre vitskaplege arbeid
- prosjektskisse, sjå informasjon lenger oppe i teksten

Vedlegga skal ha namn som samsvarar med innhaldet i fila.

Søkjarane blir vurderte av eit sakkunnig utval. Alle innkomne søknader blir først vurderte av avdelinga. Søknader frå klart ikkje-kvalifiserte søkjarar blir ikkje sende vidare til vurdering i sakkunnig utval.

Kontakt

Nærare opplysningar om stillinga får du ved å vende deg til:

- Kjartan Leer-Salvesen, e-post: Kjartan.Leer-Salvesen@hivolda.no mobil: 416 59 805, programansvarleg for doktorgradsprogrammet
- Ellen S. Aarseth e-post: ellen.synnove.aarseth@hivolda.no tlf. 70 07 51 79, instituttleiar ved ISF
- Randi Bergem, e-post: randi.bergem@hivolda.no tlf. 70 07 52 11, dekan ved ASH

Studiebygda Volda

Midt mellom fjord og fjell på spektakulære Sunnmøre finn du Høgskulen i Volda, med sine lange tradisjonar.

Les meir på www.hivolda.no

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=wSIL1WkuUXc>

Om Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda er høgskulen for humaniora og samfunnsvitskap i Møre og Romsdal. Vi er ein spennande kompetanseorganisasjon i vekst med om lag 4500 studentar og 380 tilsette. Vi gjev undervisning i ei rekkje fagområde, yrkesretta utdanningar og etter- og vidareutdanningar i nært samarbeid med samfunns- og

næringsliv. Høgskulen i Volda driv mykje forskning og utviklingsarbeid og satsar på forskaropplæring og kompetanseoppbygging for dei tilsette i samarbeid med universitet i inn- og utland.

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Joplassvegen 11 6103 Volda (Volda Kommune)